

# BISKOPEN LA GRUNNSTEINEN



**Biskop Sigurd Osberg legg ned grunnsteinen til Gol stavkyrkje. Til høgre prost Per Arnulv Nordbø og til venstre initiativtakar og styreformann i Gol stavkyrkje A/S, Torbjørn Rustberggard.**

# Biskopen la grunnsteinen

- Dette vil ikkje bli nokon museumskyrkje, men ei levande brukskyrkje. Kopien av Gol gamle stavkyrkje blir ei fortidskyrkje bygd for framtida. På ein heilt spesiell måte skal den minne oss om vår gamle kristne arv som vi må ta vare på, sa biskop Sigurd Osberg då han søndag 22. august la ned grunnsteinen til Gol stavkyrkje.

Trass i trugande regnversskyer, som også etter kvart gjorde alvor av trusselen, hadde gledeleg mange funne vegen til friluftsgudstenesta på Storeøyne. Så mange at dei på ingen måte ville fått plass inne i det kyrkjebygget dei var med på grunnsteinnedlegginga til.

- Det er nesten noko uverkeleg å sjå at eit nytt kyrkjebygg reiser seg her. Mest som ein draum som går i oppfylld. Kreativitet og pågangsmot har drivi fram dette kyrkjeprosjektet, som er ei storhending ikkje berre for Gol, men for heile Hallingdal, sa sokneprest Arne Lie då han innleidde gudstenesta på stavkyrkjetomta.

Før det hadde ein høgtideleg prosesjon skride inn på tomta, med biskop Sigurd Osberg, prost Per Arnulv Nordbø, sokneprest Arne Lie, kateket Joar Kjellevoll, klokkarane Ingebjørg Flaget og Kari Bjerke, og initiativtakar og styreformann i Gol stavkyrkje A/S, Torbjørn Rustberggard.

## Einestående hending

Biskop Sigurd Osberg nølte ikkje med å karakterisere det som ei einestående hending at ei stavkyrkje blir bygd opp att 750 år etter at ho vart bygd fyrste gongen.



Ein høgtideleg prosesjon skrid inn på stavkyrkjetomta.

- Eg vedgår at eg syntest det var ein sprø ide - langt bort i kyrkjeveggane - fyrste gongen eg høyrde om det. Korleis i all verda kunne nokon komme på slikt? Men ved nærare ettertanke, kom eg til ei anna slutning. Når gamle «Gardar kyrkje» blir bygd opp att, vil ho på ein spesiell måte minne om vår gamle kristne arv, sa biskopen.

- Og når kyrkja blir reist her og ikkje på den gamle stavkyrkjetomta, er det fordi ho skal vere like levande ved allfarveg no som ho var det for 750 år sidan, sa han. «Grunnsteinen» biskopen la ned, var eit koparskrin som inneheldt Bibel, salmebok og teikningar av stavkyrkja. Og til minne om den

tida vi lever i: ei samling av norske myntar, siste nummer av Kyrkjebladet og siste nummer av Hallingdølen.

## Felles lyft

Biskop Sigurd Osberg heldt også dagens preike, over teksten om tollaren og farisearen i templet.

Det var elles song- og musikkinnslag ved Gol barne- og ungdomskor og Gol janitsjarkorps. Og Gunnlaug Lien Myhr song gamle salmetonar.

Etter at biskopen hadde lagt ned grunnsteinen, gav Torbjørn Rustberggard ei nærare orientering om stavkyrkje-prosjektet. Han streka under at det er eit felles lyft for heile bygda. Stavkyrkja er kostnadsrekna til 2,8 mill. kr., og finansieringa er stort sett i hamn.

Med sine 18 meter over bakken, vil stavkyrkja bli eit landemerke ved Rv. 7. Målet er at kyrkja skal stå ferdig om eitt år.

Kj.S.



Mange hadde funne vegen til friluftsgudstenesta på Storøyne.

## ORD TIL TRØST:

### Fredstankar

La oss lese ordet fra Jeremia 29,11: «For jeg vet hvilke tanker jeg har med dere, sier Herren, fredstanker og ikke ulykkestanker. Jeg vil gi dere fremtid og håp». v. 12 «Når dere søker meg, skal dere finne meg. Ja, søker dere meg av et helt hjerte, lar jeg dere finne meg, sier Herren».